



DEN NORSKE KYRKJA

Fellesnemnd Tysvær og Vindafjord kyrkjelege fellesråd

Skal Tysvær kyrkjelege fellesråd og Vindafjord kyrkjelege fellesråd slå seg saman til eit fellesråd?

1. Samandrag:

Skal dei kyrkjelege fellesråda i Tysvær og Vindafjord slå seg saman? Bakgrunnen for at dei to fellesråda har arbeidd med denne saka er mellom anna at ein trur at dette kan gjera det lettare å ha den kompetansen som det er trong for i tenestene. I dag skal kvar kyrkjevevje i kommunen ha ansvaret for gravferdsforvaltning, økonomistyring, vurdere bygningstilstand, vedlikehaldsarbeid og investeringar til 5-8 kyrkjer og 5-10 gravplassar, samt ha personalansvar for 15-20 personar. Til dette er det i praksis berre ein sekretær i deltid dela oppgåvene med. Særleg vil dette merkast ved lengre vakansar, og ein større organisasjon vil gjera fellesrådet og administrasjonen mindre sårbar og meir robust.

I tillegg er ein liten organisasjon sårbar i forhold til økonomiske utfordringar som kan koma.

Fellesråda har oppnemnd ei fellesnemnd som har kome fram til avtalar rundt økonomi og representasjon. Det har vore møter med dei kommunale leiingane, og det er her felles forståing for korleis dette skal gjerast vidare. Tysvær kommune har finansiert ekstra tiltak i drifta, til dømes diakoni, som og i framtida skal utførast i Tysvær, men elles er det slik at fleire tilsette i dei ulike gruppene kan skapa større kompetansenettverk og gje betre moglegheiter til å avhjelpa korte vakansar.

Det er foreslått korleis alle sokn kan vera representert i fellesrådet når dei i årlege møte handsamar budsjett, årsmelding og utbyggingssaker, samtidig som balansen mellom dei to tidlegare fellesråda blir god. Det er og foreslått eit mindre arbeidsutval som skal ha ansvar for mykje av det som dei to fellesråda i dag handsamar i møta sine.

Utfordringar med samanslåinga kan vera den geografiske avstanden, større følt avstand mellom kyrkjevevjekontoret og sokna, samt at det kan bli meir uoversiktleg for kyrkjevevja når det blir fleire tilsette og fleire bygg å ha ansvar for. Til slutt blir det og sagt noko om korleis slike utfordringar eventuelt kan møtast.

Viss fellesnemnda 27. mai gjer eit vedtak om at ein vil slå saman dei to fellesråda, så blir det opp til dei to fellesråda, i eigne møte 3. juni, å avgjera innstillinga. Vedtek dei her at dei vil slå seg saman med det andre fellesrådet, blir saka sendt ut på høyring med høyringsfrist 20. august. Endeleg vedtak etter høyringa blir eventuelt i fellesrådsmøter 26. august.

2. Bakgrunn:

Kyrkjerådet lyste i 2023/24 ut midlar til fellesråd som ville vurdere tettare samarbeid. Det var no ein del erfaringar frå fellesråd som slo seg saman grunna kommunesamanslåing, og nokre samanslåingar mellom fellesråd som ved samanslåinga framleis var eigne kommunar.

Det var ulike grunnar til at Kyrkjerådet løyvde slike midlar, men det blei peika på to moment:

- **Kompetanse:** Fleire fellesråd er små og har små moglegheiter til å knyta til seg fast kompetanse innafor fleire område. Dette er blitt tydelegare etter reforma kor kyrkja er tydelegare skilt frå dei kommunale tenestene. Her er det altså kompetanse som er det eine stikkordet.
- **Økonomisk framtid:** Finansieringa av fellesråd og sokn er avhengig av kommunale løyvingar. Desse har ikkje auka i tråd med utgiftene dei siste åra. Dette er synleggjort gjennom at den delen kommunar i snitt nyttar på kyrkje av utgiftene sine, er redusert frå 1,05 % i 2015 til 0,85 % i 2023.

Tysvær og Vindafjord er ikkje av dei aller minste fellesråda i medlemstal, men begge sit med relativt små organisasjonar kor det berre er ein kyrkjeverje og ein sekretær på deltid i administrasjonen. Dei to fellesråda som gjekk inn i prosjektet var tydelege på at moglegheita til å få breiare kompetanse var det viktigaste momentet for å gå vidare med saka.

Bokn, Etne, Tysvær og Vindafjord fellesråd fekk tildelt 250.000 kroner frå Kyrkjerådet til eit prosjekt som skulle vurdere ytterlegare samarbeid. Til i dag, og fram mot eit endeleg vedtak, er det desse midla prosjektet er dekkja av. I juni-25 blei fyrste del av prosjektet avslutta. Det blei då vedteke at Tysvær og Vindafjord gjekk vidare for å vurdere samanslåing, medan Etne og Bokn ville avvanta.

I februar 2026 blei Tysvær og Vindafjord tildelt ytterlegare 400.000 kroner som skal nyttast dersom det i juni og august blir vedtak om å slå seg saman. Desse midla står no på vent i påvente av eit eventuelt vedtak.

3. Kva har skjedd?:

Våren-24:

Tysvær og Vindafjord fellesråd tok initiativ til prosjektet. Bokn og Etne blei med, og det blei oppretta ei styringsgruppe med to medlemmer frå kvart fellesråd. I januar-25 blei det og gjort avtale med ein prosjektsekretær. I løpet av 24/25 var det ulike møte med dei tilsette, med alle fellesråda, med kommuneleiarane, med prostane og med prestane. Styringsgruppa hadde og mange møte.

Juni-25:

Styringsgruppa konkluderte med at Tysvær og Vindafjord gjekk vidare. Det blei samtidig foreslått at arbeidet skulle leiast av ei fellesnemnd. Dei to fellesråda slutta seg til dette, og dei vedtok samtidig eit mandat til fellesnemnda.

Hausten - 25

Fellesnemnda vedtok ei ein eigen prosjektplan og ei prosjektskildring som arbeidet er lagt opp etter. Innkallinga til fellesnemndsmøta er sendt til alle medlemmene i dei to fellesråda før møta, og referata er i tillegg til desse og sendt til prestane i området og soknerådsleiarane som ikkje sit i fellesrådet.

Høyringsdokument, høyringsfrist 20. august

Det har vore egne møte med økonomisjefane og kommunedirektørane i dei to kommunane for å landa ei felles forståing for korleis økonomiprosessar skal skje vidare.

Dei tilsette har vore samla til felles informasjon- og inspirasjonsdag, og alle tilsette er invitert til ei overnattingsksamling i juni. Det er og oppretta eit felles medverknadsorgan for dei tilsette i dei to fellesråda.

Våren – 25:

I tillegg til løypande informasjons- og avklaringsprosessar, har fellesnemnda arbeidd med økonomiavtalar, representasjon i nytt fellesråd og avklaringar mot sentralt Kyrkjeråd. Arbeidet skal munna ut i vedtak i fellesnemnda 27. mai. Dersom dei vel å gå for eit felles kyrkjeleg fellesråd, skal dei to fellesråda gjera sine vedtak veka etterpå. Dersom begge to fellesråda går inn for samanslutning, blir saka sendt ut på høyring med eit eventuelt endeleg vedtak i fellesråda 26. august.

4. Dei to fellesråda i dag:

Fellesråda har ansvar for gravferdsforvaltning, bygningsvedlikehald og drift av eigedommane, inkludert ansvar for dei tilsette. I den grad sokneråda arbeider med bygning, drift og vedlikehald, så er dette dugnadsbasert og etter avtale med kyrkjevevje / fellesråd.

Både Vindafjord og Tysvær driftar i dag sokneråda fullt og heilt på friviljug basis, utan tilsette som førebur saker eller skriv protokoll. I desse råda er det berre presten som er løna.

Innbyggjarar og medlemmer:

Tysvær har ca. 11.500 innbyggjarar, Vindafjord ca. 9.000, m.a.o. drøyt 20.000 innbyggjarar til saman. 15.600 er medlemmer av den Norske kyrkja i desse to kommunane. I Vindafjord er fellesrådet samansett av ein representant frå kvart sokn (7 soknerådsvalde), i Tysvær 6 soknerådsvalde, to frå kvart sokn. I tillegg er det kommunal representant og ein representant for biskopen.

Kyrkjer og gravplassar:

Det er mange kyrkjer i desse to kommunane; Samla er det 13 kyrkjer, kor 6 er listeførte. Begge kommunane har ei såkalla arbeidskyrkje av nyare dato. Kyrkjevevja har kontorplass i arbeidskyrkjene. (Skjold og Akسدal)

Så mange kyrkjer gir i seg sjølv fellesråda utfordringar både i form av økonomi til vedlikehald, og ikkje minst til kompetanse i bygningsforvaltning. Skulle ein følgd snittet for kyrkje pr. innbyggjar, så hadde området berre hatt 5-6 kyrkjer.

I tilknytning til 12 av kyrkjene er det gravplassar, til nokre av dei to eller tre.

Økonomi i fellesråda:

Kommunane gir driftsstøtte til sokna gjennom fellesrådet (Trussamfunnslova § 13).

Tilskot:

Begge kommunane får fast driftstilskot frå kommunen. Normalt er dette tilskotet likt frå år til år, men oppjustert for løn- og prisvekst. I begge kommunane ligg det og enkelte år inne ekstra eingongstilskot som fellesrådet har søkt om. I budsjettvedtaket for 2026 låg desse beløpa inne:

- Tysvær: 11.356 000 kroner for 8.875 medlemmer.
- Vindafjord: 7 425 000 kroner for 6 769 medlemmer.

Tilskota kommunen gir dekker ikkje dei same tenestene. Noko er sjølvsgatt likt: Kostnader til kyrkjebygga, drift av gravplassar, kyrkjelege handlingar, kyrkjemusikk og trusopplæring. Tysvær kommune dekker i tillegg nokre fleire tenester enn Vindafjord, og desse er identifisert slik:

- Tysvær fellesråd har eigen diakoniteneste. Her er det 1,2 årsverk, men 0,5 av desse er finansiert frå bispedømmerrådet,. Om lag 0,7 av årsverka til diakoni blir finansiert gjennom det kommunale tilskotet.
- I undervisningsdelen dekker dei kommunale tilskota 0,8 av årsverka til undervisning i Vindafjord, medan Tysvær kommune dekker 2 årsverk i Tysvær.

Det er vanleg praksis i begge kommunane at det blir gitt ekstra tilskot når større tiltak skal finansierast. Dette kan gjelda maling av kyrkjer, installering av nytt teknisk utstyr i kyrkjene eller andre større investeringar i, på eller rundt kyrkjer og gravplassar. Kommunane har og gått inn med støtte til faste nye tiltak gjennomført av fellesråda. Diakoni er eit slikt tiltak, andre tiltak dei siste åra er kjøken i Aksdal, større vedlikehald av Ølen kyrkje og universell tilrettelegging i Vats kyrkje.

Serviceavtalar:

I tillegg til direkte tilskot gir begge kommunane tenester som er fastsett gjennom eigne serviceavtalar. Nokre punkt er identiske i dei to kommunane, men det er og nokre ulikskapar:

Likt hjå begge:

- Kommunen fører rekneskap, utbetaler løn og gjennomfører fakturautsending.
- Kommunen stiller fagkunnskap til rådvelde gjennom rådgjeving , til dømes innafor innkjøp, anbod og byggteknisk.

Saker som er ulike er desse:

- Tysvær kommune dekker nettet heilt fram til uttaket for Tysvær fellesråd. Vindafjord fellesråd har årleg kostnad på 57.000 til denne tenesta.
- Tysvær kommune stiller med maskin og ein person til graving og tildekking av graver, fellesrådet stiller med ein mann i tillegg. For tilsvarende teneste, med to mann innleigd, betalte Vindafjord i 2024 501.000 kroner.
- Vindafjord kommune stiller med to kontor (Ølen og Vikedal) for Vindafjord fellesråd. Tysvær fellesråd betaler 73.000 kroner i årleg leige for to kontor (Tysværvåg og Nedstrand)

Tilsette i fellesråda:

Begge fellesråda har stillingar som kyrkjeverje (Begge 100 %) og sekretær (70% i Tysvær, 60% i Vindafjord) , trusmedarbeidar (300 % og 175 %), organist/kantor (160 % og 170 %) og kyrkjetenarar. Kyrkjetenarstillingane fordelar seg nokolunde etter storleik og tal kyrkjebygg. Tysvær har i tillegg diakon delvis finansiert av kommunen.

Høyringsdokument, høyringsfrist 20. august

Samla er det eit stort tal personar som kyrkjevevjene har personalansvar for, varierende mellom 30-40 fast tilsette i frå 7 % til 100 %.

Det er laga ein meir detaljert oversikt over dei ulike ressursane i fellesråda i tabellform som kan gjevast ut ved førespurnad.

5. Avtalen mellom dei to fellesråda

a. Økonomi

Det er laga ein avtale mellom dei to fellesråda som er slik:

1. Bruk av midlar som dei to kommunane gir til drift:

- a. Med utgangspunkt i løyvingane frå dei to kommunane for 2026, samt gjeldande serviceavtalar og tilskotet til ekstra tilsette i Tysvær, legg ein til grunn at det i dag er om lag likt beløp pr. medlem.*
 - i. Tysvær har eige tilskot til stillingar som gjev diakonale tenester, pr. 2026 er dette 0,7 årsverk. Det er ein føresetnad at tenestene desse stillingane gjev, skal gjevast innafor Tysvær kommune sine grenser.*
 - ii. Undervisningsstillingar: I tilskotet for 2026 ligg det inne at Vindafjord kommune dekker 0,8 årsverk og Tysvær kommune 2,0 årsverk. Det er ein føresetnad at desse årsverka blir nytta i desse kommunane.*
- b. Det er ein føresetnad at auken kvart år er prosentvis lik frå kvar kommune, samt at eventuelle endringar i serviceavtalane blir kompensert.*

2. Fondsmidlar.

- a) Dei to fellesråda går inn i samarbeidet med lik sum pr. medlem til eit felles disposisjonsfond.*
- b) Restmidlar blir sett av på eit eige fond som skal nyttast til investeringar eller ekstra tiltak i vedkommande område som gjekk inn med beløpet. Bruk har som føresetnad at fleirtalet av fellesrådsmedlemmene i vedkommande del støttar bruken. Desse midla kan og brukast på fellestiltak under same føresetnadar.*
- c) Fond som gjennom gåver eller andre tilhøve er sett av til eit særleg formål, skal framleis setjast av til dette formål.*

3. Større vedlikehald og investeringar.

Driftstilskotet frå kommunane skal dekkja drift og mindre vedlikehald. Større vedlikehaldsoppgåver og investeringar er avhengig av eigne tilskot frå vedkommande kommune eller andre ytre inntekter. Eventuelle skilnader i etterslep på vedlikehald må dekkast inn av vedkommande kommune, og det kan ikkje påreknast at det skal skje ein utjamning utan ekstra kommunale tilskot eller andre direkte inntektskjelder.

4. Driftsavtale med Bokn kyrkjelege fellesråd

Driftsavtalen mellom fellesråda i Tysvær og Bokn blir vidareført som ein avtale mellom Bokn kyrkjelege fellesråd og det nye fellesrådet. Det blir gjennomgang av avtalen haust-26

Tillegg: Punkt 1 bygger på referatet frå fellesmøtet med kommunedirektørane og økonomisjefane 6. januar 2026. Det er semje om innhaldet i referatet.

Litt forklaring til punkta:

1. Bruk av kommunale midlar. Her har det vore møte med dei to økonomisjefane i kommunane og dei to kommunedirektørane. Her gjekk ein i gjennom løyvingane og serviceavtalane. Tysvær gir i dag større årlege bidrag enn Vindafjord. For drift kan det ekstra bidraget knytast til eigen diakoniteneste og fleire tilsette knytt til undervisning. Det er ein føresetnad at desse stillingane og i framtida skal ha si teneste innaføre Tysvær kommune sine grenser.
I tillegg er det ulike serviceavtarar som ein ser for seg framleis skal vera slik som i dag. Når dette blir rekna saman så er det kommunale tilskotet om lag likt for kvart medlem. Samtalane med kommuneleiinga munna ut i eit referat ein er samd om, og som er tydeleg på at kommunane framover vil ha lik haldning til korleis auke i det vanlege driftstilskotet blir foreslått.
2. Fond: Tysvær vil sannsynlegvis gå inn i samarbeidet med større disposisjonsfond enn Vindafjord. Den delen som overstig Vindafjord sin del blir avsett som eit eige fond som fellesrådsmedlemmene frå Tysvær har avgjerdsmynde på bruken av.
3. Det har i begge kommunane vore slik at kommunen i budsjettvedtaket har gått inn med ekstra midlar til investeringar og til større vedlikehaldsoppgåver av kyrkjer og gravplassar. Større tiltak på kyrkjer og gravplassar vil framleis vera avhengig av løyvingar frå den aktuelle kommunen.
4. Tysvær kyrkjelege fellesråd leverer i dag ein del tenester til Bokn kyrkjelege fellesråd. Avtalen blir i utgangspunktet forlenga, men då med det nye fellesrådet.

b. Representasjon i fellesrådet

Det har vore mykje fram og tilbake rundt dette punktet. Kyrjelova er klar: Er det mindre enn fem sokn, så stiller kvart sokn med to medlemmer i fellesrådet. Er det fem eller fleire sokn, så stiller kvart sokn med eitt medlem. Me ønskte, og søkte om, at det skulle vera tre fellesrådsmedlemmer frå kvart tidlegare fellesråd. Det var ein naturleg tredeling av Vindafjord som då låg til grunn. Dette blei avvist fordi Kyrjemøtet hadde vore tydelege på at alle sokn skulle vera representert i fellesrådet. Det ville gi ei skeiv fordeling i rådet. Seinare har administrasjonen i Kyrkerådet tilrådd at me søker om at dei større sokna i Tysvær får høve til å stilla med fleire representantar.

Det førte til at det no er sendt ein søknad om forsøk til Kyrkerådet:

Alle sokn har eit medlem kvar i fellesrådet. I tillegg har Tysvær og Nedstrand høve til å stilla med eitt ekstra medlem, og Førresfjorden har høve til å stilla med to ekstra. Føresetnaden er at det skal vera like mange medlemmer frå kvar kommune. I tillegg vil dei to kommunestyra ha høve til å oppnemna kvart sitt medlem, og biskopen vil kunne oppnemna eit medlem. Rådet vil då ha sju

soknerådsmedlemmer frå Tysværsokna, sju soknerådsmedlemmer frå Vindafjordsokna ,
eventuelt to kommunale og eit bispeoppnemnd medlem.

Dette vil krevja ein dispensasjon frå Kyrkjerådet. Det er i mail frå administrasjonen i Kyrkjerådet lagt til grunn at me kan rekna med ein slik dispensasjon ut neste valperiode, det vil seia ut 2031.

Delegasjonsreglement:

Fellesrådet vil bli svært stort, og fellesnemnda foreslår difor at me har eit arbeidsutval (AU) med vide fullmakter. Arbeidsutvalet skal bestå av tre soknerådsrepresentantar frå Vindafjord og tre soknerådsrepresentantar frå Tysvær, m.a.o. slik det var skissert i den avslåtte søknaden frå Vindafjord.

- Alle saker unnateke desse fire blir delegert til AU gjennom delegasjonsreglementet:
 - Tilsetting av kyrkjeverje
 - Budsjett
 - Godkjenning av rekneskap og årsmelding
 - Vedtak av delegasjonsreglement
- I tillegg blir det foreslått å leggja inn ein «ankemoglegheit» for eit mindretal på denne måten: Saker som 4 fellesrådsrepresentantar eller eit mindretal i arbeidsutvalet ber om at skal behandlast av eit samla fellesråd, skal behandlast av samla fellesrådet.
- Alle referat frå AU skal raskt sendast til alle medlemmene i Fellesrådet.
- Fellesrådet skal då ha to-tre møter i året, medan det er AU som tek seg av sakene i mellom møta.

Juristen i Kyrkjerådet har avklart at det i utgangspunktet ikkje er store avgrensingar på kva eit fellesråd kan delegera, og han sluttar seg til at delegasjonen kan vera slik som me foreslår.

Kva skjer etter 2031?

Tilbakemeldinga frå Kyrkjerådet legg nok til grunn at ein i løpet av neste valperiode kjem inn i ordinær ordning gjennom at det har skjedd endringar i soknestrukturen i Vindafjord. Vindafjord kyrkjelege fellesråd har vedteke at dei vil ta initiativ til ein prosess slik at sokna kan vurdera dette.

I søknaden er det i tillegg søkt om at ordninga kan gjelda til 2035.

c. Tilhøvet til tilsette

Det er nok dei tilsette som mest vil merka at det blir ei endring, særleg kyrkjeverje og sekretær. Alle tilsette vil få ein ny arbeidsgjevar.

- Slike prosessar er det eige lovverk for, og dette må følgja reglane i arbeidsmiljølova om verksemdsoverdraging. Alle vil få ny arbeidsavtale med den nye arbeidsgjevaren. Det er knytt eigen reservasjonsrett til denne.
- Det blir ikkje lagt opp til at tilsette skal bytta frammøtestad grunna den nye organiseringa. Det vil framleis vera kontor i Skjoldkyrkja og Akسدalskyrkja, og det blir ikkje, med grunngjeving i denne samanslåinga, planlagt endringar av dei andre kontora. Organistar, undervisningspersonale, gravferdspersonale, kyrkjetenarar og andre i drifta skal fortsetja på dei geografiske stadene dei arbeider i dag. Samtidig kan det bli mellombelse endringar for å dekkja opp vakansar, slik det er allereie i dag.

- Det er starta opp eit eige medverknadsorgan kor begge kyrkjevevjerjane møter i dag. Her har tillitsvalde høve til å ta opp spørsmål undervegs i prosessen.
- Det blir sett på som viktig at det blir utvikla ein felles kultur mellom alle dei tilsette. Det er allereie vore ein dagsamling, og før sommaren er alle tilsette invitert til ei overnattingssamling. Dette vil fortsetja til hausten, og då og med meir fagspesifikke samlingar. Ein stor del av tildelinga frå Kyrkjerådet er brukt – og vil bli brukt – til desse samlingane.
- Det vil ikkje bli endringar i løn eller arbeidsordningar ved samanslutninga. Det kan vera ulike tilhøve mellom kommunane, og i løpet av hausten-26 og våren 27 skal det gjerast eit arbeid for å kartlegga slike ulikskapar.
- Størst skilnad på drifta mellom dei to fellesråda er det på det praktiske arbeidet med rundt gravlegging. Her har Vindafjord i lang tid kjøpt tenestene frå dei same personane, medan Tysvær nyttar fellesrådstilsette i kombinasjon med kommunal teneste. Fellesnemnda ynskjer ikkje å privatisera tenestene i Tysvær.
- For nokre grupper vil det bli endringar i arbeidsoppgåver. Det gjeld særleg for sekretæranne og kyrkjevevjerjane. Her er det naturleg at det i løpet av hausten blir vurdert fordeling av arbeidsoppgåver slik at ein kan bli meir spesialisert. Likevel er nok dette noko som må skje etter kvart. For dei andre yrkesgruppene er det meir aktuelt at nettverka blir noko større, og at ein i faggruppa kan bli samde om spesialisering dersom dette blir vurdert nyttig. Ikkje minst kan det vera aktuelt med deling av kompetanse.

d. Kyrkjevevjerje

Det skal vera ein – ein – kyrkjevevjerje i eit fellesråd. Fellesnemnda har fått fullmakt til å gjera denne tilsettinga, og dei har slått fast at det ikkje blir ekstern utlysing. Arbeidet med dette blir ikkje påbyrja før det er klart at det går mot ei samanslåing.

Den av kyrkjevevjerjane i dag som då ikkje blir kyrkjevevjerja vidare, vil då bli assisterande kyrkjevevjerje, og vil naturleg få ansvar for særlege område som vedkommande allereie arbeider med. Særleg kan det vera aktuelt med spesialisert kompetanse på personalarbeidet.

6. Kva kan ein vinna:

Kompetansegevinst:

I søknadane har fellesrådet peika på dette punktet som det klart viktigaste momentet når dei starta arbeidet for samanslåing. Målet er at ein litt større organisasjon skal vera meir robust, og ha større rom for å utvikla og skaffa spesialisert kompetanse hjå tilsette

- Større utval av kompetanse. Det er berre 3,3 årsverk administrative stillingar samla i dei to kommunane, 2 årsverk kyrkjevevjerje og 1,3 årsverk merkantil, men ved å samarbeida kan ein etter kvart sikra seg spesiell kompetanse som ein treng. Noko av dette kan oppnåast gjennom målretta kompetanseoppbygging, men noko må og gjerast ved nyttilsetting når det skjer utskiftingar. Fellesråd som har gjennomført samling peiker på dette som den største gevinsten. Særleg er det behov for

kompetanse innafor bygning og drift, men og HR-kompetanse, økonomi- og innkjøpskompetanse kan vera viktig.

- Meir robust organisasjon. Ein større organisasjon vil vera meir robust ved sjukdom eller andre vakansar. Tenesta vil vera meir stabil. Ikkje minst gjeld dette ved fråvær i administrasjonen. Dersom kyrkjevevja i dag er borte i lengre tid, har fellestrådet få å spela på. Slike utfordringar blir enklare i ein større organisasjon.
- Større fagmiljø, til dømes i musikk og undervisningsstillingar, noko som gir naturleg større faglege nettverk. Fleire personar inn i nettverket vil og gje større og vidare kompetanse i nettverket. Dette kan sjølvst og skje utan samanslåing, men erfaring viser at slike nettverksbyggingar er meir ustabile enn nettverk knytt til ein arbeidsgjevar.

Økonomisk gevinst:

- Det er eit økonomisk potensiale i samarbeid, noko som kan auka handlingsrommet for fellestrådet. Døme er:
 - Felles rekneskap. Kommunane tenker at dette vil redusera årsverkbehovet med 20-30 %. Dette vil fort bli ein kommunal gevinst.
 - Ein revisjon og samordning av lisensar. Potensielle gevinst 100.000-200.000 kroner.
- Større handlingsrom dersom den økonomiske utviklinga i framtida blir krevjande.
- Samordning av gravferdsforvaltninga kan og gje ein gevinst, først og fremst i frigjort arbeidstid.
- Ein administrasjon vil frigje arbeidstid ved at ein ikkje treng gjera same prosess to stader. Dette vil frigje tid som kan nyttast til andre viktige kyrkjeoppgåver.

Kvalitetsgevinst

- Kyrkjevevjerne skal dekkja svært mange oppgåver. Ved at det blir ein kyrkjevevje, men framleis to personar, så blir det større høve til å spesialisera seg på viktige oppgåver. Dette kan vera HR-arbeid, innkjøp, økonomi, søknadskunnskap, bygg, m.m. Kompetansen til tilsette vil avgjera på kva område det er naturleg. Ein kan og vektlegga anna kompetanse dersom det etter kvart blir utskiftingar.
- Det same vil vera tilfelle når det gjeld dei merkantile stillingane. Her vil det og vera naturleg at det blir meir spesialisering, t.d. i gravferdsforvaltninga.
- Kyrkjetenarstillingane er små, og ofte ein kombinasjon mellom typiske vaktmeisteroppgåver og teneste på sundagsgudstenester, gravferder og andre kyrkjelege handlingar. Her er ein jo allereie i gong med eit arbeid som etter kvart gir større stillingar. Viss ein klarer dette er det etter kvart mogleg å sikra seg ulik fagarbeidarkompetanse slik at fellestrådet kan gjera fleire av dei mindre vedlikehaldsarbeida sjølv. Dette vil nok krevja fleire årsverk å spela på enn det ein kommune/ eit fellestråd har i dag.
- Betre kvalitet ved fråvær. Ved fråvær må ein ofte omorganisera arbeidsoppgåvene. Eit samanslått fellestråd vil ha fleire kompetansepersonar å spela på, slik at ein i kortare

periodar kan sikra tenestene. Dette kan gje ein meir stabil teneste mot innbyggjarane, ikkje minst vil dette gjelda ved lengre fråvær i administrasjonen, til dømes viss kyrkjevevjerje eller sekretær har lengre fråvær.

7. Kva kan vera utfordringane med eitt fellesråd, og kva må ein passa på?

Det lokale engasjementet for kyrkjebygga

Dei fleste sokna våre er prega av at det er eit stort engasjement for kyrkjebygga og områda rundt desse. Til dugnader, innsamlingar og liknande veit sokneråda at dei kan forventast at mange i bygda vil gje sitt bidrag, og det gjeld langt fleire enn dei som ofte nyttar kyrkja. Det er viktig at dette engasjementet blir oppretthaldt sjølv om avstanden til kyrkjevevjerja kan bli lengre. Eit årshjul kor administrasjonen møter soknerådsleiarane jamleg blir eit viktig punkt.

Forholdet til kommunen:

Det har skjedd ei stor endring dei siste tiåra då kyrkjene ikkje lengre er ein del av den kommunale forvaltninga. Tydeleg ser ein det når kyrkjevevjerja i dag har kontor i arbeidskyrkje, og ikkje har sin daglege arbeidsplass nær opp til kommuneleiinga. Vedlikehaldsarbeidet skjer ikkje lengre ved at det er fagfolka i kommunen som styrer og overvaker arbeidet, det er normalt innleigde av kyrkjevevjerja som gjer dette. Likevel vil eit fellesråd og ein kyrkjevevjerje som skal forhalda seg til to kommunar, kunne føla det vanskelegare å ha den tette kontakten som tross alt er i dag. I samtalanane med kommunen er det semje om at det skal vera faste årshjul som sikrar at det er tett kontakt og faste møte mellom fellesrådet og den politiske leiinga, og mellom kyrkjevevjerja og den administrative leiinga.

Det geografiske området blir større:

I Vindafjord er det 55 km mellom Vikebygd kyrkje og Imsland kyrkje. I Tysvær er det 47 km mellom Tysvær kyrkje og Nedstrand kyrkje, avstanden Bokn kyrkje til Nedstrand er 65 km.

Avstanden mellom Tysværåvåg og Imsland vil vera 70 km. Det blir eit større geografisk område som eit nytt fellesråd skal dekkja, og det blir viktig at dette ikkje fører til for mykje ineffektiv arbeidstid i form av bilkøyring. I utgangspunktet skal dei som er tilsett ha arbeidet same staden som i dag, men det vil kunne bli lengre køyring viss ein må dekkja opp sjukdom eller anna fråvær andre stader i området.

Nærleiken til sokna og kyrkjemedlemmene for dei tilsette:

I begge fellesrådsområda har dei tilsette i lengre tid arbeidd målretta for at dei som har ansvar i kyrkja skal opplevast å vera tett på medlemmene i kyrkja. I Tysvær er dette konkretisert ved merkevarebygging knytta til mottoet/slagordet «Kyrkjenær». Dei to kyrkjeblada og organiseringa av FOT (Forum for trusopplæring) i Vindafjord er og teikn på det same. Det er ei frykt for at eit større fellesråd kan forstyrre dette.

Det blir viktig å helda fast på at det er sokna som er den naturlege avgrensinga i arbeidet til dei tilsette, slik at samanslåinga ikkje fører til at tilsette innføre undervisning, diakoni og kyrkjemusikk får fleire sokn å forhølda seg til i det daglege arbeidet fordi ein har slått seg saman. Samtidig vil det nok likevel bli slik at ein i korte periodar ved sjukdom må avhjelpa i andre sokn.

Talet på tilsette under ein kyrkjevevje vil auka:

Det vil i eit nytt fellesråd vera ein kyrkjevevje, men talet på tilsette vil auka monaleg. Dersom alle skal rapportera direkte til kyrkjevevja, vil det bli ei vanskeleg oppgåve for vedkommande, og avstanden opp til leiinga vil følast lang for den enkelte tilsette. På den andre side vil kyrkjevevja få fleire å spela på lag med, i og med at staben i administrasjonen samla doblar seg. Kor vellukka samlinga eventuelt blir vil avhenga av korleis den større administrasjonen får til arbeidsfordeling og samarbeid.

Til høringa:

Fellesnemnda for Tysvær kyrkjelege fellesråd og Vindafjord kyrkjelege fellesråd har tilrådd at dei to fellesråda slår seg saman frå 2027. Begge fellesråda har i etterkant i eigne møte slutta seg til dette.

Fellesråda sender med dette vedtaket ut på høyring til sokneråda i kommunane, fagorganisasjonane som har tilsette i fellesråda eller prestar som tenestegjer her, samt til prost, biskop og bispedømme.

I høyringa ber fellesrådet om svar på:

1. Støttar de framlegget til samanslåing som fellesrådet foreslår? Grunnge gjerne svaret.
2. Er det moment i avtalane som de meiner det bør sjåast nærare på?
3. Viss det blir samanslåing: Har de synspunkt på moment som fellesnemnda må ta opp i haust eller som det nye fellesrådet må ta opp tidleg i 2027?

Fellesrådet ber om at høyringsuttalane blir sendt inn innan 20. august til.

Sokneråda i Tysvær: post.tysver@kirken.no)

Sokneråda i Vindafjord: post.vindafjord@kyrkja.no